

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
119/2014	Formannskapet	18.11.2014
079/2014	Kommunestyret	11.12.2014

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Alf Magnar Strand	FE - 231, FA - A10	14/1137

Barnehagesatsar 2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 3,5% til kr 2 325 pr. måned med verknad frå 1. april 2015. Syskenmoderasjonen vert som før, 30% for barn nr. 2 og 50% for 3. barn.

Formannskapet - 119/2014

FS - behandling:

Ordfører Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke

FS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 3,5% til kr 2 325 pr. måned med verknad frå 1. april 2015. Syskenmoderasjonen vert som før, 30% for barn nr. 2 og 50% for 3. barn.

Kommunestyret - 079/2014

KS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Erlend Kvamsdal, Frp, la fram følgjande framlegg til endring i vedtak frå Frp, H og V:

Dersom ein familie har born både i barnehage og SFO skal søskenmoderasjon gjelde for alle.

Røysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes endringa.

KS - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Barnehagesatsane i Masfjorden vert auka med 3,5% til kr 2 325 pr. måned med verknad frå 1. april 2015. Dersom ein har born både i barnehage og SFO skal syskenmoderasjonen gjelde for alle, 30% for barn nr. 2 og 50% for 3. barn.

Underliggende saker:

Bakgrunn/Fakta/Vurdering

Barnehagesatsane i Masfjorden vart auka med 3 % frå 1. april 2014. Ein heildagsplass kostar no kr 2250 pr. mnd. Syskenmoderasjonen vart samstundes stadfesta til å vera 30% for barn nr. 2 og 50% for 3. barn.

I budsjettarbeidet for 2015 legg ein til grunn ein generell løns- og prisvekst på 3%. Masfjorden kommune har eit mål om at me skal ha full barnehagedekning og at satsane våre skal liggja under maksprisen. Maksprisen vert frå nyttår heva til kr 2460 pr. mnd.

Rådmannen meiner at me bør halda oss under maksprisen også i 2015, sjølv om utgiftene til barnehagedrifta er aukande og foreldrebetalinga berre dekkar ein mindre del av kostnadene.

Rådmannen går difor inn for å auka barnehagesatsane med kr 75 til kr 2325 pr. mnd frå 1. april 2014. Dette tilsvarer knapt 3,5% auke. For inntektssida i budsjettet vil det bety om lag kr 50000 for heile året.

Konklusjon

Barnehagesatsane vert auka til kr 2325 pr. mnd frå 1. april 2015. Syskenmoderasjonen vert som før.